



**SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE**

Nærings- og kulturavdelinga

Sakshandsamar:

Glenn Heine Orkelbog

E-post: Glenn.Heine.Orkelbog@sfj.no

Tlf.: 41530612

Vår ref.

Sak nr.: 16/5505-7

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

40259/17

Dykkar ref.

Dato

LEIKANGER, 25.10.2017

proEss AS
Lerstadvegen 540

6018 ÅLESUND

Stryn - gbnr. 60/1 m.fl. - detaljregulering for Risebakken - tilbakemelding etter arkeologisk registrering

Sogn og Fjordane fylkeskommune har gjennomføra ei arkeologisk registrering i planområde i perioden 08-11-08.2017. Registreringa skulle oppfylle tiltakshavars undersøkingsplikt jamfør kulturminnelova § 9.

Planområde vart undersøka ved maskinell sjakting. Det vart leita etter automatisk freda kulturminne i form av førhistoriske busetjingsspor, dyrkingsspor og gravminne.

Fire automatisk freda lokalitetsflater er registrert innanfor planområde:

Askeladden id. 231117, 8 og 9 – førhistoriske dyrkingsspor:

Dei tre lokalitetane er rekna til å opphavleg representere ei førhistorisk dyrkingsflate. Dyrkingslaget framstår fragmentarisk og består berre av ein trekolhaldig dyrkingsfase. Dyrkingsfasen er C14 datert til 1418-1264 f.Kr, noko som svarar til eldre bronsealder.

Lokalitet id. 230969 Risebakken 2 ligg lengst sørvest i planområde. Her er det og påvist fragmenterte einfasa dyrkingslagsrestar. Dyrkingslaget er C14 datert til 859-794 f.Kr noko som svarar til yngre bronsealder.

For utvida informasjon kring funn og plasseringa av desse, sjå vedlagd registreringsrapport.

Vi gjer merksam på at det er forbod mot inngrep i automatisk freda kulturminne jamfør kulturminnelova § 3 og 8 med føreskrifter.

Ut i frå funna sin karakter vurderer fylkeskommunen å opne for å gje løyve til inngrep i dei automatisk freda dyrkingslagslokalitetane utan krav til vidare arkeologisk undersøking. Løyve vert fyrst gjeve når planen kjem på offentleg ettersyn.

Lokalitetsflatenes utbreiing må synleggjerast i plankartet då med sikringssona som strekkjer seg fem meter ut frå lokalitetens ytterkant. Shape filer som synleggjer lokalitetenes utbreiing er tilgjengeleg i Riksantikvarens database «Askeladden».

Ta kontakt dersom de har spørsmål.

Med helsing

Ingebjørg Erikstad
Ass. fylkesdirektør

Glenn Heine Orkelbog
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Rapport frå arkeologisk registrering.

Mottakar (ar)

proEss AS Lerstadvegen 540 6018 ÅLESUND